

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Fylke: V-Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Gyland.

Emne:

Bygdelag:

Oppskr. av: Lars Fr. Nuland

Gard:

(adresse): Nuland

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. haurt av andre

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lyng er lite brukt som for no, men eg minnest at det var nytta i 1890 åra, og dei gamle fortel, at det var vanleg å lynga og lauva for å skaffa seg atåt for. men det vart meir slutt med lynginga snart etter 1900, lauvinga har halde seg lenger op til vår tid.

I gamle delingsforretninger, var det tøtla lyngteigar til kvart bruk. Det var helst teigar som låg lageleg til og der botman var toleg steinfri.

Ein brukte så lynga med ljå, som var stutt ig stiv, Ein hadde serskilt lyngljå og lyngorv, avdi det laut vera sterkare enn vanleg til bruk i slått.

Eg har ikkje sjøl vore med på lyngslått, men har haurt at dei gjerne venta med det til det var kome frost og at lynga ikkje måtte vera for gamal og grov.

Det var nokre gardar i bygda som heldt på lenger med å nytta lyng, det var slike som hadde god lyngmark nær ved garden. Ein slik gard var nordre Klungland i Gyland. Lyng var rekna som gott atåtfor omlag som lauv.

Mose var ikkje brukt so eg kjenner til.

Ein hadde i gamle dagar gjerne rett til lyngbeite haust og vår. Eg har sett i eit retsdokument frå 1750 åra, at det mellom Vestre og austre Fosdal i Gyland, var gjordt eit magebytte. Austre F. fekk lov av vestre til å brukte lyngbeite på deira mark haust og vår, mot at austre til gjengjeld overlet noe beitemark ti, Ødegården, Budal som låg under vestre Fosdal. Dette var ein eldre rett, men i 1750 åra vart det trette om dette avdi vestre garden var lei av drivinga av austregards kreturet gjenom deira tun. Då vart den gamle avtalen prova.

2

Emne lo. sida 2.

Sjølsagt vert lyngbeitet nytta endå for sau, når det er snøbart. eller lite snø.

Kvist og Brum.

Det var og nytta kvist og brum av lauvtre, bjørk, eik, Raun, Osp, m.v. som naudfor, og då det var mange geiter på gardane, køyrdé dei heim allslags tre også fure med bar, som dei la på tunet det geitarne kunde gå og eta, men dei tala om at dei på den måten vende dei til å skava med tennerne, so dei vart leie til å skava borken på frukttre.

Ein flink sauemann i Kvinesdal, T.R. Tjørnhom, har skrive i bladi om, at han nyttar furebar til sauen Han køyrer heim i lassevis og legg på tunet så slepper han sauerne ut og dei får seg mykje av foret på den måten utan å ha vondt av det.

Hestemøk som for, er ikkje nytta, anna enn på den måte, at om ein har griser som gjeng i gjødselrommet og kan ta for seg av det som vert moka ned frå hestarne.